


Rapportering SSIKT 01.12.2017:

Alle tall er pr. 01.12.2017, henta frå Agresso og brukarstøtte systemet.


Økonomi:

Drift viser eit forbruk på 89% av årsbudsjett, mot 92% same tid i 2016.

Det høge forbruket i januar skyldast at vi får mange vedlikehalds og support avtalar til forfall i januar.



Grafen viser driftsutgifter pr måned i 2017 og 2016



Vi ser at det er budsjettet litt lite på lisensar til infrastruktur og Citrix, det er blant anna komme fleire brukarar inn på løysinga en vi trudde, då vi lagde budsjett i 2016.



Vi prøver å halde oss innafor budsjett ved å utsette kjøp av utstyr frå andre delar av budsjettet, samt mindre forbruk av lønns midlar.

Det viser seg at vedlikehalds faktura for Agresso er sendt direkte til Ørsta og Volda kommune, vi jobbar med å få ei oversikt over dette slik at det ikkje vert fakturert dobbelt.

Investering viser eit forbruk på 43% av årsbudsjettet, det meste her er kjøp av utstyr og lisensar i drift senteret.


Prosjekt som nytt skuleadministrativt system, som er ein stor del av investerings budsjettet er ikkje starta endå. Vi har no valt løysinga frå Tieto på nytt skule system og forventar at fakturering for delar av dette prosjektet kjem i 2017.

Det er budsjettet med ei investering på nytt brukarstøtte system i 2017, denne vert omdisponert og brukt til å få ei betre løysing for samhandling og video.



Sjuefraværet hittil i år er på 0,6 %. Det er 5,4 stillingar i SSIKT , dagleg leiar, 2 teknisk og 2,4 fagressursar.

Sjuefraværet er lågt, men p.g.a. få tilsette, kan få sjukedagar og sjukmeldingar gje store utslag.




Utstyr og brukara:

Det er registrert 4966 datamaskiner i SSIKT systemet, av desse er 1060 tynne klientar og 3906 datamaskiner. I tillegg er det 170 serverar på drift senteret.

Det er 1394 iPad i SSIKT sitt administrasjons system.

Det er 2427 Chromboks (Google) i SSIKT (inkludert Ørsta)



Totalt er det 8900 klientar som vert drifta i alle kommunane.


Vi har no ein policy på at utstyr ikkje skal være eldre en 5 år i SSIKT, dette vil gje oss ei mykje meir stabil drift og mindre problem for brukarane.

Utskifting av utstyr eldre en 5 år, må bakast inn i lokale IKT budsjett for 2018. Lokal IKT ansvarleg kjem med innspel på utstyr som må skiftast ut i kvar enkelt kommune.

I løpet av hausten vil SSIKT ha på plass ein oppdatert klientstrategi med anbefalingar på kva utstyr som skal velgast.

Det er registrert 207 unike skrivarar køar i SSIKT sin standard sone, det er ein del i elev nettverket og lokale skrivarar som ikkje kjem med på denne rapporten.



Skrivarar som er knytt opp mot sikker print, er ikkje med i denne oversikta.



Det er svært mange frittstående skrivarar, desse skapar ein del utfordringar med drifta og er eit fordyrande ledd. Vi må planlegge å bytte ut desse små skrivarane med større felles maskiner som er knytt til sikker print.

Det er registrert 13965 brukarar i SSIKT systemet, dette er både elevar og vanlege brukarar.

Dette talet vil sannsynlegvis stige utover året , då fleire brukarar vert flytta til SSIKT sine serverar og teljinga vert meir nøyaktig.



Registrerte brukarstøtte saker:

Det er hittill i år registrert 7266 saker i brukarstøtte systemet til SSIKT, det er eit system vi begynte med frå 01.01.2017. Eg forventar at antall saker vil stige utover året, når vi får inn betre rutinar på innmelding av saker frå dei tilsette. Alle sju kommunane nyttar no denne løysinga for rapportering av saker.

Det er no 159 saker som er opne i systemet, dette er ein nedgang frå sist månened, men fortsatt fleire en vi ynskjer. Vi kjem til å ha fokus på å redusere antall saker som ikkje er løyste.



Nokre av sakane er definert som prosjekt/bestilling og vil derfor ligge lenger i systemet en vanlege saker.

SLA vert for det meste overhalden, men vi ser ei auke på saker som tek for lang tid, dette vil betre seg når vi får på plass ein ressurs som kan jobbe meir aktivt med å følgje opp brukarstøtte funksjonen. Eg vil etter sommaren starte med å dele opp personellet, slik at enkelte er dedikert til support, medan dei andre jobbar med prosjekt.


01.05.2017 starte vi eit prosjekt der Ulstein og Herøy har felles brukarstøtte løysing, dette ver ein «pilot» for å sjå korleis vi kan nytte fleire IKT avdelingar i ei felles brukarstøtte løysing. Hareid er også inkludert i denne felles brukarstøtte køa frå juni 2017. Neste kommune som går inn i dette samarbeidet vil være Vanylven og Sande, dette vert i slutten av august når ferien er ferdig. Det er no planlagt oppstart med felles brukarstøtte for desse fem kommunane den 15.09.

Vi samlar brukarstøtte køa til Volda og Ørsta inn i felles køa frå 04.12.2017, med dette er alle kommunane i felles brukarstøtte løysing og vi kan begynne å rullere på alle IKT ressursane.

Opne saker



Registrerte saker pr kommune november 2017.



Overvaking av linjer og sentrale komponentar at vi har ei oppetid på løysinga som er innafor utkastet som er satt opp for SLA.

Selskapet er no registrert i Brønnøysund:

- Juridisk navn: SØRE SUNNMØRE IKT
- Org nr: 919 824 573

Informasjonsmøte i forbindelse med overføring av tilsette til SSIKT er heldt og fyrste dialogmøte er planlagt 15.11.

Dialogmøta er ferdige og vi er einige om dei ytre rammene rundt arbeidstid og liknande.

Alle IKT tilsette som skal være med over har fått melding om overflytting til nye SSIKT frå 01.01.2018.

Vi kjem til å sende ut nye tilsettings avtalar i løpet av desember.

Det er sendt ut brukarundersøking for IKT tenesta i kommunane. Det er også sendt ut ei medarbeidar undersøking i IKT avdelinga, dette for å få eit grunnlag for vidare utvikling av organisasjonen.

Guttorm Rimstad

Dagleg leiar

Søre Sunnmøre IKT

Hareid 03.12.2017